



## Årsmøte 14. mars 2018 Vennelaget for Lensmannsgarden

### Dette står i vedtektene for Vennelaget:

#### 1. Visjon

Visjonen for Vennelaget:

- Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø.
- Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Lensmannsgarden

#### 2. Føremål

Føremål for Vennelaget:

- Vera saman om å ta vare på Lensmannsgarden
- Bidra med dugnadsarbeid til restaurering og vedlikehald
- Medverka aktivt til å etablera aktivitetar på området (arrangør/medarrangør)
- Formidla historie og kulturhistorie
- Vera ein støttespelar for Hå kommune.

### Arbeidsprogram for 2018

Arbeidsprogram for 2018

1. Vera ein støttespelar for aktivitetsleiar/fritidspedagog
2. Vera ein støttespelar for Hå kommune og bidra med prosjektbasert vedlikehald
3. Bidra med arbeid ifm. med bygging av heis
4. Bidra med arbeid ifm. med rehabilitering av Hevdafjos når kommunen vedtek dette.
5. Driva kulturarrangement – Lunsjtreff og ”Kultur i Løå”

Arbeidsprogram på lengre sikt

1. Innlemma våningshuset på Lensmannsgarden i den kulturelle møteplassen me har laga

Styret vil fortsetja å utføra arbeidet ved bruk av ulike komitear for ulike oppgåver, t.d. byggkomité, komité for «Lunsjtreff» og arrangementskomité for «Kultur i Løå».